Eg møtte Flakstad med eit opent sinn, klar for å ta til meg inntrykk. Eg har prøvd å kommunisere desse inntrykka til dykk på ein arkitektonisk måte. Planen i 1:5000 skildrar korleis atmosfæren i dei ulike områda samlast, møtast og går over i kvarandre. I dette hefte prøver eg å vise kva eg legg til vekt for mine tolkingar.

havet møtar berg

det skummar opp
straumen dreg under

kraft, vilje, spenning

det er hardt, rått, brutalt

-møtet-

sanden samlar

ein er her
for seg sjølv - saman

landskapsrom
storslått,
rein magi

-pause-

leira formar seg

stille vatn
nært

samlar ein stad

-rørsle-

fjell stupar ned

råskap
bratt, sterkt, hardt

-bestandig-



i hamn

havet skiftar
trygt

her
der

-samlar-

ei linje

mellom

sol
varm, mjuk

kontakt

-relasjon-

havet rører seg
stadig i rørsle

uforståeleg
med kraft, med ro

variasjon, vending

aldri det same

-samanheng-

Havet slår i berga på Justeneset. Bak ser ein fjellformasjonane på yttersida strekkje seg nordover.

Eg sit med nasa trykt til vindauge i flyet. Havet slår mot berga med voldsam kraft. Havet skummar opp og stilnar. Alltid i rørsle. Mitt fyrste møte med Lofoten. Slik møtar havet nordsida av Ramberg òg. Havet kjem frå yttersida og møter Justneset med rå kraft.

På berga som vernar om Rambergstranda finn vi bustadområdet Justneset.

Rambergstranda i juli med eit busslass av turistar og folketom i januar.

Rambergstranda. Det er nesten så eg ikkje treng å seie meir. Storslått og magisk, majestetisk ligg den mjuke, slake sanden og knyt Justeneset og Ramberg saman. Ei stille vandring får tankane til å vandre. Eg har sett nordlyset danse, himmelen bli farga rosa og blå, ein einsam mann og hundre turistar. Magien var der kvar gong.

Rambergstranda med ramberg i sør og justeneset i nord.

Kanten på nordsida av “trekant-fyllinga” med utsikt nordover.

Stille. nære, mellom. Den store grunne dammen mellom Gullrosøya, fastlandet på Ramberg og fyllmassene opplevde eg som roande. Den stille magien frå stranda var igjen tilstades, berre at uro og undring var lagt til side, her er ein her. Nære hus, trygg, verna om.

Leira ligg inneslutta av Gullrosøya, bustadområdet på Ramberg og fylling ved hamna.

Fjella står majestetisk og sterke. Rå og skarpe. Snøen fargar den nakne steinen pudderkvit, medan sola fargar dei rosa.

Sjarkane ligg og kvile i hamna.

I hamna hylar måsane, stupar etter fiskehovud som blir kasta i sjøen. Sjark etter sjark har landgang og leverar fisken til mottaket. Det er hektisk i hamna til langt på natt og folk kjem til for å høyre kva havet har gitt.

Hamna ligg på spissen av fjellkjeda i aust og strekkjer seg ut i havet.

Desse veggane blir lyssett av den låge vintersola som akkurat kjem over havet.

Sola strekkjer seg med ei vilje og intensitet berre ho verdig. Når sola endeleg får tak, kjenner ein kor langt ho har stekt seg for å kunne nå oss.

Lyset frå sør og innersida trenger seg mellom fjella i vest og aust.

Havet er der ute, det røre seg, det er stille. Det er stort og evig.
“Havet gir og havet tar”.